

Høyringsmøte om ny senterstrukturplan

Forslag til ny senterstrukturplan for Møre og Romsdal er ute til høyring med høyringsfrist 1. oktober 2014. Føremålet med planen er å avklare den overordna senterstrukturen i fylket og gi retningslinjer for lokalisering av handel, tenester og andre servicefunksjonar i kommunane.

ORKidé og fylkeskommunen inviterer med dette til eit høyringsmøte for kommunane og næringslivet i ORKidé -området

onsdag 10. september kl. 15:00 – 17:00 Quality Hotel Grand, Kristiansund.

Fylkeskommunen vil presentere forslaget til ny senterstrukturplan («Regional delplan for attraktive byar og tettstader»). Deretter blir det høve til spørsmål og samtale. Det vil også bli gitt ein kort presentasjon av den nyleg framlagte handelsanalysen for Møre og Romsdal, som er eit underlagsdokument til planen.

Vel møtt!